



Arkivnr: 2018/14531-12
Saksbehandlar: Gunhild Raddum

NOTAT

Til: Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland
Frå: Fylkesrådmannen

Om arrangementet 4. Mai med fokus på trafikktryggleik for MC-førarar

MC-forum er eit etablert samarbeidsforum mellom interesseorganisasjonen Norsk MotorCykkel Union Hordaland, Statens vegvesen, politiet og Hordaland fylkeskommune. MC-førarar er langt meir utsett i trafikken enn bilførarar. Motorsyklar utgjer 5 % av køyretøybestanden, men er innblanda i 20% av dødsulykkene. MC-ulykkene har ofte ein høg skadegrad og i aldersgruppa 15-17 år dominerer mopedulykkene. Ei viktig oppgåve for MC-Forum er å arbeide for å betre trafikktryggleiken for denne trafikantgruppa. Forumet vart etablert hausten 2018.

Laurdag 4. mai, kl 11 – 16, inviterte MC-forum og samarbeidspartar til MC-trafikktryggleiksdag på Eikås motorsenter med tilhøyrande treningsbane. Her var det mellom anna tilbod om førarutviklingskurs med dyktige instruktørar, vårsjekk av motorsykkel, mogleg å teste blindsoner frå stort køyretøy og informasjon frå ambulansesarbeidarar om framferd på skadestad og hjelmavtrekk ved MC-ulykke.

Det er vanskeleg å sei nøyaktig kor mange som var innom, men ein stad mellom 200 - 300 besøkande er eit realistisk anslag. Tilbakemeldingane frå dei som tok turen var gode, og særleg vart tilbodet om førarutviklingskurs trekt fram. På banen var det god kapasitet med ei rekke instruktørar, og ca 130 MC-sjåførarar deltok på kursa der hovudfokus var svingteknikk, unnamanøver og effektiv bremsing.

MC-forum vurderer arrangementet som vellykka og vil invitere til eit tilsvarende opplegg neste mai 2020.

Bileter frå dagen er lagt ved i ein eigen presentasjon.